

NORTH SEA ENERGY PARK AS
Tengsareidveien 6
4373 EGRSUND

Vår dato: 16.12.2025

Vår ref.: 202309759-24 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE avslår søknad om vassdragstiltak i tilknytning til North Sea Energy Park i Bjerkreim kommune, Rogaland fylke

Vi viser til søknad datert 11.04.2025 om løyve etter vassressurslova § 8 til å fylle igjen Vindskartjørna og to mindre tjørn ved Hetlandskogen, samt å etablere eit regulert anlegg for overvatn til Villsbekken. NVE meiner at det planlagde anlegget ikkje ivaretek omsynet til verneverdiane i Bjerkreimsvassdraget og at det ikkje kan gjevast konsesjon, jf. kriteria i vassressurslova § 35 nr. 5 og § 8.

Tiltaksområdet til North Sea Energy Park ligg i nedbørfeltet til Bjerkreimsvassdraget som er varig verna gjennom supplering av verneplan for vassdrag vedteken i 2005. NVE vurderer at etablering av NSEP inneber at det blir etablert eit anlegg i vassdraget og at anlegget vil komme i konflikt med verneverdiane i Bjerkreimsvassdraget.

Gjenfylling av vatn og landskapsendringar som gjer det nødvendig å etablere eit regulert anlegg for overvatn vil føre til irreversibel øydelegging av delar av anortositlandskapet som representerer verneverdiar knytt til geologisk mangfald, friluftsliv og landskapsbilete i Bjerkreimsvassdraget. Anlegget vil i tillegg forringe ein kystlyngheilokalitet og Hetlandskogens funksjon for rovfugler, som er verneverdiar knytt til biologisk mangfald. Anlegget vil også endre den naturlege vassføringsdynamikken i og utanfor området og kan forringe leve- og oppvekstområde for laks i eit nasjonalt laksevassdrag.

I tillegg til verknadene for kvar enkelt verneverdi vurderer NVE at å fylle igjen heile vatn og tjern vanskeleg kan tilpassast på ein slik måte, at det ikkje talar imot omsynet til vern av vassdraget samla sett og dei generelle verneverdiane.

Ei nærare grunngjeving for avslaget er gitt i vedlagde notat *Bakgrunn for vedtak*. Notatet er også tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9189/V.

Orientering av grunneigarar og rettshavarar

NVE ber om at dette brevet med vedlegg så snart som mogleg blir sendt til ramma grunneigarar/rettshavarar. Både eigarar av utbygde og ubygde eigedommar skal varslast. NVE ber om å få ei stadfesting når de har orientert ramma grunneigarar og rettshavarar, med dato for utsendinga.



Moglegheit til å klage

Vedtaket kan klagast på. Frist for å klage på vedtaket settast til **20.01.2026**. Sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Carsten S. Jensen
konsesjonsansvarlig

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter NVE sine interne rutinar

Mottakarliste:

NORTH SEA ENERGY PARK AS

Kopimottakarliste:

Annette Mariero
Bjørn Runar Tengesdal
Marit Ege
Rune Tengesdal
Tor Einar Ege
David Holane
ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
Bjerkreim kommune
MILJØDIREKTORATET
Norges Miljøvernforbund
Norges Miljøvernforbund - Arnfinn Nilsen
Tengesdal Elverk DA
Vial AS
Vial AS - RUNE JONASSEN
NORTH SEA ENERGY PARK AS - Hans Petter Bøgh Hafso
MARIT FIMLAND
EIRIK TENGESDAL



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.